

Anne Margit Løvland

*Dr. art. og førsteamanuensis
Institutt for nordisk og mediefag
Universitetet i Agder*

Bilete av verkelegheit.

Illustrasjonenes bidrag til framstilling av verkelegheit i opplysningslitteratur

Abstract

This article investigates how reality is depicted through written language and visual resources in educational literature in Norway in two periods of time since World War II. The idea is, through this study, to point out some features of such reality-pretentions, but also to call attention to some historical tendencies. The text corpus consists of educational literature, i.e. factual prose made to inform a broader public. Eight texts are collected from two different disciplines, medicine and religion, in two periods; they are all multimodal, and the main focus of the study is the pictures with captions. In addition to this primary research question, it is my ambition to develop some concepts and an analytical procedure for reality-pretention in specific written text/picture-relations.

Johan Tønnesson opererer med ei todeling av sakprosasjangrane, litterær sakprosa og funksjonell sakprosa (Tønnesson 2012, s. 33). Skiljet er gjort ut frå institusjonell tilknytning. Dei åtte bøkene i mitt materiale er forlagspubliserte med namngitt forfattar eller redaktør, og reknast difor som litterær sakprosa. Materialet representerer to ulike tema og fagfelt innanfor det ein kan kalle opplysningslitteratur. Her er fire bøker om ulike religionar og fire legebøker. Fagfelta er valt fordi ein kan rekne med at dei representerer ulike illustrasjonstradisjonar. Legebøkene er representert med to bøker som tek for seg kvinners helse spesielt og to som handlar om både menn og kvinner. Kriteria for utvalet har vore at bøkene skulle vere rikt illustrerte og at dei skulle rette seg mot den vaksne ålmenta. Forskjellar i teknologi og økonomi knytt til trykking av bilete, gjer at dei eldste bøkene oftast har færre illustrasjonar enn dei nyaste. Kravet om at bøkene skal vere retta mot den vaksne ålmenta gjer at eg ikkje teke med bøker som er tenkt som lærebøker for særlege alders- eller utdanningsgrupper eller bøker som er retta mot barn. Bøkene representerer to tidsspenn, 1950-60-åra og perioden frå 2000 til i dag. Utvalet er gjort med tanke på å få representert ei fagleg breidd i materialet. Sidan dette også er utprøving av ein analysemåte i høve til ei problemstilling som er lite utforska¹, er ikkje materialet valt ut med tanke på generaliserbarheit innanfor fagfelta. Det

¹ Det finst fleire interessante studiar av sakprosa retta mot ålmenta slik som Aslaug Veum avhandling *Avisas andlet. Førstesida som tekst og diskurs. Dagbladet 1925-1995* (Veum 2008) og Per Ledins rapport "Med det

skal altså ikkje gje svar på spørsmålet “Korleis nyttar ein visuelle uttrykksmåtar for å påstå noko om verkelegheita i legebøker”, men snarare “Korleis nyttar ein visuelle uttrykksmåtar for å påstå noko om verkelegheita i opplysningslitteratur retta mot ålmenta”. Likevel er det rimeleg at eg også vil legge merke til forskjellar som kan relaterast til ulike faglege tekstkulturar. Dette er titlane som er representert i materialet:

Smith, H. m.fl. 1957: *Verdens store religioner*.
 Aagaard, J. m.fl. (red.) 1966: *Verdens religioner*.
 Holten, J. 2000: *Verdens største religioner*.
 Gabriel, T. m.fl. 2007: *...ismer. Verdens religioner*.

Bøe, F. 1952: *Kvinnens egen legebok. Veien til helse. Forebygging og behandling av sykdom*
 Evang, K. m.fl. 1962: *Huslegen*
 Löf-Johanson, M. og Å. Rytter Evensen (norsk red.) 2001: *Din legebok. Kvinners kropp og helse*
 Langer, J. W. 2003: *Aschehougs store legebok*

Sakprosa, verkelegheit og retorikk

Når Johan Tønnesson omtalar sakprosa som “virkelighetens tekster” i hermeteikn (Tønnesson, 2012, s. 11), viser han at dette er tekstar som er relatert til noko verkeleg og seier samtidig at denne relasjonen mellom tekst og verkelegheit ikkje er ukomplisert. Språket og bileta kan ikkje eintydig fortelje om verkelegheita, det vil alltid vere verkelegheit *formidla* gjennom dei ulike modalitetane. Eit trekk ved tekstleg framstilling av det verkelege som særleg kompliserer biletet, er tekstens retoriske stemme. Sakprosatekstar handlar ikkje berre om eit sakstilhøve, dei kommuniserer også med ein mottakar på ein måte som kan styrke eller svekke sanningspretensjonen i teksten. Tønnesson viser korleis eit positivistisk syn på sakprosa møter motstand hos Aristoteles som held fram “pathos” og “ethos” som viktige bevismiddel i tillegg til “logos” (Tønnesson, 2012, s. 20). Trass i kompliserande faktorar ender Tønnesson opp med å hevde at “sakprosaen særkjennes av sitt i hovudsak direkte forhold til virkeligheten, og at det er viktig å holde fast ved ambisjonen om å opprettholde et slikt forhold” (Tønnesson, 2012, s. 25). Tønnesson argumenterer mellom anna for dette synet gjennom det han kallar etterrettelighetsregimet. Han hevdar at fagleg kommunikasjon er avhengig av eit regime der lesaren kan ha tillit til at sakprosaforfattaren er etterretteleg. Tønnesson opnar likevel for at det ikkje alltid er snakk om sanning, men om det som er rimeleg å tru at er sant, det sannsynlege (Tønnesson, 2012, s. 128). Både dette kompliserte tilhøvet til det verkelege og bruken av visualisering som verkemiddel vil vere eit utgangspunkt for den analysemåten eg vel å bruke i møte med opplysningslitteraturen.

Kontrakten mellom sakprosateksten og lesaren er altså at det er eit nært og “i hovudsak direkte” forhold mellom teksten og verkelegheita, noko som også medfører at det teksten

nyttiga skola wi söka att förena det angenäma ...” Text, bild och språklig stil i veckopressens föregångare (Ledin 2001). Men sidan desse studiane rettar seg mot andre sjangrar enn mine opplysningsbøker (aviser og vekemagasin), er det mindre aktuelt å samanlikne direkte. Ledins studie tek dessutan for seg eit materiale som er mykje eldre enn mitt.

påstår skal oppfattast som sant. At noko er sant er likevel heller ikkje ein ukomplisert påstand. Tønnesson refererer til det retoriske omgrepet *doxa* som eit omgrep for det som blir oppfatta som sant av mange. Det er ofte ikkje like viktig å belegge *doxa* som andre påstandar, fordi *doxa* kan vere noko mange tek for gitt og sjølv sagt utan at det nødvendigvis vert gjort eksplisitt. Vitenskapsfilosofien problematiserer også sanningsomgrepet, og viser at påstandar kan vere sanne på ulike måtar og på grunnlag av ulike sanningsomgrep. Når eg skal analysere korleis dei multimodale tekstane “avbildar” verkelegheita, vil eg ta utgangspunkt i eit tri-lateralt sanningsomgrep som består av *korresponderande sanning*, *pragmatisk sanning* og *hermeneutisk sanning* (Alvesson & Sköldberg, 1994, s. 36).

Eit konvensjonelt sanningsomgrep definerer sanning som korrespondanse mellom utsegn og verkelegheit. Dette er ein enkel definisjon som er lett å forstå og akseptere for utsegner som er lette å etterprøve. I naturvitskapen vil ein ofte operere med sanning som kan etterprøvast gjennom slik korrespondanse. La meg ta som eksempel denne utsegna: “Når et fremmed stoff trenger inn i kroppen, utløser det en motreaksjon fra immunforsvaret, som ved hjelp av antistoffer og drepeceller forsøker å fjerne det fremmede før kroppen tar skade (Langer m.fl. 2003, s. 58). Utsegner som dette er mogeleg å etterprøve om ein har det rette utstyret og tilstrekkeleg kompetanse og er difor lette å akseptere som sanne. Ein skal likevel ikkje leite lenge før ein også innan dette fagfeltet møter påstandar der det blir vanskelegare å kontrollere sanninga gjennom korrespondanse med verkelegheita, slik dette eksemplet viser: “Det er altså mest korrekt å bruke betegnelsen allergi om former for overfølsomhet der personens immunforsvar reagerer altfor kraftig på ting som ikke fremkaller reaksjon hos andre mennesker”. Her må vi leve med at det å reagere “altfor kraftig” er ei vurdering der ikkje alle vil vurdere ulike tilfelle likt. Det er også vanskeleg å strengt etterprøve kva som “fremkaller reaksjon hos andre menneske”.

Eit alternativ eller eit korrektiv til eit korresponderande sanningskriterium kan vere ei pragmatisk tilnærming. Det er altså mogeleg å ha eit pragmatisk syn på kva som er sant. Eit slikt kriterium for sanning bygger på kva som viser seg å fungere i bruk. Det ein påstår er sant fordi det verkar. Påstandar som den følgjande bygger på eit slikt pragmatisk sanningskriterium: “Behandling består i så vidt mulig å unngå den eller de faktorer som man reagerer på. Legemidler som antihistaminer og binyrebarkhormoner til lokalt bruk i nesen vil ofte være til stor hjelp og er uten bivirkninger” (Langer 2003, s. 63). Dette er sant så lenge det fungerer og til ein eventuelt har funne betre behandlingsmåtar.

Ei tredje form for sanning handlar om å sjå sanning som ei djupare mening som det er mogeleg å oppdage på ein annan måte enn gjennom ytre gjenkjenning. Meninga kjem fram gjennom å tolke ulike opplysningar i lys av kvarandre. En påstand som den følgjande kan tene som eksempel på slik hermeneutisk sanning: “Bedemøller, oljelamper og meditasjon er rammen om tilbedelsen i Bodh Gaya-helligdommen, der Buddaha satte seg under fikentreet fast bestemt på å nå opplysning. Denne typen fikentre går også under navnet *bo*, fra *bodhi* som betyr opplysning” (Smith m.fl. 1957, s. 90). Her har ein tolka ulike opplysningar i lys av kvarandre. Påstanden bygger på fortolking og meiningsskaping. Lesaren må til dømes sjå samanhengen mellom namnet på heilagdomen, at Budda sat under fikentreet og søkte opplysning og sortsnamnet på fikentreet.

Det er stor forskjell på desse kriteria for sanning, men innanfor vitskapsfilosofien ser ein likevel ikkje at dei utelukkar kvarandre. “Tvärtom,” seier Alvesson & Skjölberg (1994), “torde de flesta teorier ha inslag av alla tre konsepten. Detta dock i högre eller lägre grad”. I ulike tekstar vil ein altså kunne møte utsegner som konstruerer sanning av alle dei tre typane, men om ein bryt teksten ned i mindre einingar vil dei ulike påstandane om verkelegheita kvar for seg hovudsakeleg reflektere ei sanningstype.

Innan filosofi og vitskapsteori er det også vanleg å definere sanning ut frå koherensteori og konsensusteori. Koherensteori handlar om at ei utsegn er sann fordi ho stemmer overeins med andre utsegn, medan konsensusteorien definerer noko som sant dersom ei gruppe kompetente personar er einige om at det er slik. Dette er sanningsformer eg ikkje nemner i den vidare analysen.

Gunther Kress og Theo van Leeuwen har i fleire publikasjonar aleine og kvar for seg drøfta korleis tekstskaparar nyttar ulike semiotiske ressursar for å skape eit inntrykk av sanning eller verkelegheit (Kress og van Leeuwen 1996, van Leeuwen 2005). Dei ser at ulike ressursar kan ha høg eller låg affordans i høve til å formidle sanning i ulike sosiale samanhengar. I multimodale tekstar vil det alltid vere eit samspel mellom ulike modalitetar og det er dette samspelet som samla sett skaper den tilliten lesaren er avhengig av for å kunne stole på teksten som kjelde til kunnskap om verda. I kulturen vår har verbalspråket tradisjonelt stor tyngd i sakprosaetekstar. Ein studie viser mellom anna at elevar på mellomtrinnet ofte satsar på at all nødvendig informasjon blir formidla gjennom lærebøkene verbattekst (Løvland, 2011, s. 39). Sjølv om eg altså er klar over at visuelle element kan vere det primære i ein multimodal tekst, og at samspelet mellom modalitetar ofte er ein tett vev, undersøker eg i denne samanhengen korleis dei visuelle uttrykksmåtane blir brukte nettopp til å illustrere og belegge verbalspråklege påstandar. Analysen er altså gjort ut frå ein tanke om at det finst ei form for redundans mellom skrift og bilete (Løvland 2011, s. 77) og at skrifta er det primære. Det kunne også vore interessant å undersøkt korleis ulike former for redundans vart brukt for å uttrykke ulike former for sanning, men det har eg ikkje gjort i denne studien.

I boka *Reading images* drøftar Kress og van Leeuwen korleis visuelle element som foto og teikningar fungerer i ulike typar meiningsskapning. Dei viser til dømes korleis bruken av fargar, detaljrikdom i illustrasjonen, skuggelegging, fargekontrastar og motivbakgrunn fungerer ulikt som verkelegheitsrepresentasjon i ulike kontekstar. For å tydeleggjere desse forskjellane presenterer dei ein typologi over ulike kodingsmåtar i boka (Kress & van Leeuwen, 1996, s. 170). Denne typologien blir vidareført i boka *Introducing social semiotics* (van Leeuwen, 2005, s. 168). Dei fire kodingsmåtane for visuell framstilling vert kalla *abstract modality*, *naturalistic modality*, *technological modality* og *sensory modality*. Eg tek utgangspunkt i desse kategoriane når eg freistar å utvikle ein analysemåte for korleis illustrasjonane bidreg til å framstille verkelegheit i opplysningslitteratur. Hovudstrukturen i analysemåten min er ei kopling av kategoriane for sanningsform og kategoriane for kodingsmåte i ein fleirfeltstabell som blir vist seinare i artikkelen. Dei ulike formene for sanning dannar kategoriar langs den eine dimensjonen. Noko kan vere sant fordi det verkeleg finst (korresponderande sanning), fordi det fungerer (pragmatisk sanning) eller fordi det skaper mening (hermeneutisk sanning). Den andre dimensjonen er meint for analyse av den

visuelle framstillingsforma i teksten. I analysen er Kress og van Leeuwens kategoriar noko vidareutvikla. Eg har teke utgangspunkt i tre av Kress og van Leeuwens hovudgrupper og laga kategoriane; *abstrakt framstilling*, *naturalistisk framstilling*, og *sansebasert framstilling*. Den teknologiske framstillingsmåten er i materialet mitt så sterkt knytt til den pragmatiske sanningstypen at eg vel å ikkje skilje han ut som eigen generell kategori. I tillegg til desse tre kategoriane deler eg den naturalistiske framstillingsmåten i tre undergrupper; *avgrensa*, *kontekstualisert* og *personifisert framstilling*. Dette gjev ei inndeling som også kan knytast til tankar om korleis ei visuell retorisk stemme kjem til uttrykk i tekstane. Tekstanes logos er gjerne knytt til sanningsdimensjonen gjennom dei ulike prinsippa for sanning som er presentert ovanfor, medan ein kan sjå at dei ulike framstillingsmåtane som ein overgang frå sterkt ethos i dei fyrste gruppene mot sterkare pathos i dei siste. Når ein definerer kvalitative forskjellar på ein måte som gjer det mogeleg å lage kategoriar og krysstabellar, misser ein sjølvsagt nyansar i materialet. Det er ikkje slik at eit språkleg eller visuelt uttrykk berre passar i ein kategori. Ofte er det glidande overgangar og trekk som høver i fleire kategoriar. Det kan likevel vere fornuftig å lage slike forenklingar for å oppdage meir overgripande mønster og hovudtendensar i materialet. Når eg analyserte materialet gjorde eg oppteljingar “på kladd”, men fordi fleire av desse uttrykka kan tolkast på fleire måtar, har eg valt å ikkje gjengje presise tal. Eg vil nå gå nøyare inn på korleis eg forstår skilnaden mellom dei ulike visuelle framstillingsmåtane med eksempel frå materialet:

Ein abstrakt framstillingsmåte forenkler innhaldet i påstanden på ein måte som tydeleggjer budskapet (fig. 1). Ein slik framstillingsmåte omfattar svært abstrakte verkemiddel som diagram og fargebruk i kart, men kan også bygge direkte på likskap med eit fenomen slik som landformene i kartet eller teknologiske arbeidsteikningar. Ei slik forenkling gjennom abstraksjon signaliserer ofte ein fagleg autoritet som kan falle inn under ethos-omgrepet.

Avgrensa naturalistisk framstilling bygger i høg grad på redundans mellom sanningspåstanden og den visuelle framstillingsforma utan i særleg sterk grad å plassere denne i ein kontekst. Tekstskaparen brukar det visuelle til å *vise* sanningspåstanden. Ein påstand om at “Hammerfest kirke er moderne og Hegge stavkirke er gammel” blir illustrert med eit bilete som viser dei to kyrkjene (fig. 2).





Fig. 1: Abstrakt framstilling. Frå Langer 2003, s. 269



Moderne og gammelt. Til venstre Hamrefest kirke, til høyre Hegge stavkirke.

Fig. 2: Avgrensa naturalistisk framstilling. Frå Holten 2000, s. 34

Det er ofte problematisk å vise ein omfattande påstand på ein fullstendig måte. Løysinga blir da ofte det ein i retorikken kallar synekdoke der delen representerer heilskapen. Eit portrett av Henrik Ibsen kan til dømes representere heile mannen. Ofte verkar slike framstillingsmåtar som dokumentasjon på at det som blir påstått er sant, noko som kan styrke tekstskaparens ethos. Når ein utelet heilskapen kan det vere eit uttrykk for at sendaren er mindre oppteken av å skape pathosapell.

Kontekstualisering inneber ofte eit visuelt uttrykk som fungerer som eit eksempel. Det er ikkje sjølv sanningspåstanden som blir vist, men eit eksempel på det sanningspåstanden uttrykker. Biletteksten “Noen legeplanter finner etter hvert innpass blant legene. På denne koreanske ginsengfabrikken framstiller de preparater til hele verden” saman med eit fotografi frå den konkrete produksjonen (fig. 3) viser korleis tekstskaparen nyttar eit konkret eksempel som belegg for ein meir generell påstand.



Fig. 3: Eksemplifisert naturalistisk framstilling. Frå Langer 2003, s. 463

Også her uttrykker tekstskaparen ethos gjennom å dokumentere grunnlaget for påstanden. Av og til kan eksempla vere meir frikopla frå sanningspåstanden. Da er påstanden ikkje direkte uttrykt, og lesaren må sjølv gjere koplinga. Samtidig som vi ser at eksemplifiserande framstilling bygger opp eit sterkare ethos i teksten, gjev ho også rom for ei meir individretta tilnærming til ein ålmenn påstand. Tekstskaparen innfører konkret praksis i teksten på ein måte som lesaren kan relatere seg både fornuftig og kjenslemessig til. Slike eksemplifiserande illustrasjonar kan altså opne for sterkare pathos i teksten.

Det eg kallar personifisert framstillingsmåte minner på mange måtar om slik eksemplifisering. Eg har likevel valt å skilje det ut som ein eigen kategori fordi det kan uttrykke tekstleg pathos på ein tydelegare måte. Framstillingsmåten eksemplifiserer påstanden gjennom tydelege, gjerne namngitte personar. Dette er ein illustrasjonsmåte som er vanleg innanfor sakprosa som er avhengig av å sende sterke kontaktsignal til ein lesar slik vi til dømes ser på

avisforsider og i reklame. Tekstskaparen knytter på denne måten påstanden kjenslemessig til lesaren og forsterkar slik innslaget av pathos i teksten. Ei framstilling av ekteskapsrituale i hinduismen (fig. 4) kan til dømes visualiserast gjennom eit bilete med billeteksten “Gauri Shanker og Rajni gifter seg i Jaipur, India”.




Fig. 4: Personifisert naturalistisk framstilling. Frå Holten 2000, s. 95

Ei sansebasert framstillingsform er ei visualisering som kan knyttast til ein retorisk pathos der ein tydeleg nyttar verkemiddel for å røre lesaren emosjonelt. Her ligg opplevinga av sanning i effekten av behag eller ubehag ein vil kjenne på grunnlag av teksten. Slike illustrasjonar peikar også utover seg sjølv og saksforholdet. Lesaren opplever det det uttrykker som sant fordi det rører han emosjonelt, slik kunst kan gjere. Dette er ein framstillingsmåte eg har funne få eksempel på i den opplysningslitteraturen eg har studert. Eg har likevel valt å ta ho med for å kunne fange estetiske uttrykksmåtar som ligg i skjeringspunktet mellom fiksjon og fakta. Mange moderne helsebøker nyttar fotografiske framstillingar som ligg i grenselandet mellom det naturalistiske og det sansebaserte. Dette fotografiet (fig. 5) av ein malariaparasitt tatt inne i kroppen, er vanskeleg å tolke for ein lekmann. Trass i at det teknisk sett er naturalistisk, fungerer det her meir som eit bidrag til ei sanseoppleving av noko som ein kan undre seg over.



Fig. 5: Sansebasert framstilling? Frå Langer 2003, s. 9

Drøfting av funn

Totalt har eg vurdert noko meir enn 1700 illustrasjonar, dei fleste med bilettekstar. Eg presenterer nå ei visuell framstilling av hovudfunna i materialet i ei svært unyansert form (fig. 6). Tabellen viser kor hovudtyngda av funn plasserer seg i høve til kombinasjonen av dei ulike kategoriane. Dette tyder ikkje at ein ikkje kan finne tilfelle som vil plassere seg utanfor dei markerte områda. Når skraveringa ikkje fyller ut heile feltet, markerer det at det er noko færre slike variantar enn i felt som er skravert fullt ut. Funna blir drøfta og nyansert i verbal form under. Av tabellen ser vi tydeleg at det mest vanlege sanningsforma som blir uttrykt visuelt innanfor begge fagfelta er ei form for korresponderande sanning. Dette er særleg tydeleg i religionsbøkene medan legebøkene også framstiller sanning ut frå ei pragmatisk tilnærming. Graden av kontekstualisering varierer, men religionsbøkene tek i sterkare grad enn legebøkene i bruk ein personifisert framstillingsmåte. Hermeneutisk sanning er mest fråverande i biletmaterialet frå begge fagfelta.

Sanningstype		Visualiseringsmåte			
		Korresponderande	Pragmatisk	Hermeneutisk	
Abstrakt framstilling		Religionsbøker	Legebøker		
Naturalistisk framstilling	Avgrensa				
	Kontekstualisert				
	Personifisert				
Sansebasert framstilling					

Religionsbøker
 Legebøker

Fig. 6: Samanfattande tabell

Sanning i religionsbøkene

I utgangspunktet kan ein tenke at opplysningslitteratur om religion gjev rom for å presentere stoff som bygger på ulike gyldigheitsprinsipp. Det er opplagt mogeleg å presentere religion gjennom påstandar som korresponderer med ei sansbar og dokumenterbar verkelegheit, men viktige sider ved religion kan også uttrykkast som normative råd om kva som fungerer eller som ei meir samansett meining som er tolka fram av ein forfattar. Analyse av religionsbøkene viser likevel at det er eit korresponderande sanningskriterium som er dominerande i skrift-bilete relasjonane i dei aktuelle bøkene. Etter å ha kategorisert alle skrift-bileterelasjonane har eg funne at eit klart fleirtal fell inn under denne typen. I dei nyaste bøkene gjeld dette mest alle. Dette tyder på at forfattarane tilstrebar å framstille sanning om verdas religionar som noko som verkeleg finst, noko ein kan gå ut og observere. Om ein ser på visualiseringsmåten – og med den vekta av ethos og pathos i teksten – er det noko større forskjell mellom tekstane. Eg vil ta utgangspunkt i framstillinga av informasjon om muslimanes heilage stad Kabaen i Mekka for å illustrere forskjellane.

Eg startar med Jon Holtens bok frå 2000. Her har ein teke med to bilete av denne heilage staden. Det eine er eit oversiktsbilete tatt frå lufta som viser den tildekte steinen og ei stor mengd menneske i kvite klede og moskeen i bakgrunnen (fig. 7). Biletet har biletteksten “Kabaen ble opprinnelig bygget av Abraham og hans sønn Ismael som et sted hvor Abrahams folk kunne be til Gud”. Det neste biletet er eit nærbilete av ein mann i kvit kjortel som held

hendene på ein metallgjenstand (fig. 8). Bak han står menn i uniform. Biletet har biletteksten “Kong Hussein av Jordan ved Den sorte stein som er bygget inn i et hjørne av Kabaen”.




Fig. 7: Frå Holten 2000, s. 61




Fig. 8: Frå Holten 2000, s. 70

Forskjellen mellom desse bileta er typisk for framstillingsmåten i denne boka. Det som blir framstilt har sterk korrespondanse med noko som finst eller noko som har skjedd, men ein vekslar mellom å vise motivet frå stor avstand og å knytte det opp mot namngitte kjende eller mindre kjende personar. Det fyrste biletet vil eg altså kalle naturalistisk avgrensa framstillingsmåte medan den andre illustrasjonen kan kategoriserast som personifisert. Den andre boka frå 2000-talet, ... *ismer, verdens religioner*, manglar denne personifiserte visualiseringsmåten, men reindyrkar nøytral framstilling av religiøs praksis på avstand. I denne boka finn vi også eit bilete av Kabaen i fugleperspektiv. Her er biletteksten: “*Kaba, Al-Masjid al-Haram (Den hellige moské), Mekka, Saudi-Arabia. Kaba i Mekka er orienteringspunktet for muslimenes bønner. Den består av en rektangulær steinbygning som befinner seg midt på gårdsplassen til Den hellige moské. Denne moskeen er islams største helligdom*”. Biletteksten synleggjer eit sterkt behov for å knytte informasjonen til ein konkret og observerbar verkelegheit.

Dei to bøkene frå 50- og 60-talet driv heller ikkje dristig og subjektiv tolking av den religiøse praksisen dei presenterer, men trass i likskapstrekk i visualiseringsmåten, er det også tydelege forskjellar. I boka *Verdens store religioner* (1957) finn eg eit utsnitt av det kjende Kaba-motivet, men her ser ein tydeleg sirklane av menneske som ber. Biletet har biletteksten “*Ring etter ring av troende omkring den hellige Kaba i Mekka, sentrum i den muslimske verden*”. Trass i at biletet liknar veldig på dei nyare utgåvene, ser vi her eit sterkare fokus mot dei utøvande muslimane både i skrift og bilete. Her handlar det ikkje om byggemåte eller historisk informasjon, men om dei som er religiøst aktive. Dette kjem enda tydelegare fram i den neste biletet som også er relatert til det å reise på pilgrimsferd til Mekka (fig. 9). Her ser vi ei mengd kvitkledde menn på taket av fullstappa bussar saman med bagasje og ullteppe. I biletteksten les vi: “*Der de gamle karavaneveiene møttes en gang, strømmer skarer av troende – kledd i pilgrimenes hvite drakt – inn mot Mekka i den tolvte måned i året. Det er et mål for hver eneste muslim å gjøre denne ferden til islams vugge*”.



Fig. 9: Frå Smith m.fl. 1957, s. 262

Eg vil kalle dette naturalistisk eksemplifiserande framstillingsmåte. Eit liknande uttrykk finn vi i *Verdens religioner* frå 1966. Her ser vi Kabaen i normalperspektiv og ryggen på 10-12 menn med biletteksten “*Fromme pilgrimme betragter Ka’baen iført det traditionelle pilgrims-antræk. Det største øjeblik i enhver rettroende muhamedaners liv*”.

Men dette er ikkje den einaste framstillingsmåten eg finn i dei eldste bøkene. Ei teikning av Kabaen frå 1500-talet (*Verdens store religioner frå 1957*) representerer ei vanleg framstillingsform som har halde seg gjennom desse tiåra. Teikninga har denne biletteksten: “*I en aura av flammer – muslimske kunstnere skjuler Muhammeds ansikt for ikke å begå helligbrøde – ber Profeten ved siden av Kaba i Mekka. Han fjernet hedenske gudebilder fra den helligdommen som tradisjonen forteller ble bygget av Abraham og Ismael*”. I slike bøker er det svært vanleg å vise fram eldre kunstuttrykk og gjenstandar for å illustrere dei påstandane ein kjem med.

Etter å ha analysert dei fire bøkene om verdas religionar finn eg trekk som kan oppsummerast på denne måten: Alle tekstane framseier ei sterk overvekt av påstandar om verda som dei hevdar er sanne fordi dei korresponderer med noko som finst eller har funnest. Bileta kan slik styrke tekstanes ethos. Eg har altså funne svært nøytral kunnskap i bøkene med eit sterkt utanfråperspektiv. Visualiseringsmåten er prega av bilete av artefaktar frå eldre tider og bilete av historiske personar. Dei eldste bøkene legg også vekt på å vise eksempel på menneskeleg aktivitet som belegg for påstandane om religiøs praksis. I dei nye bøkene er dette dels tona heilt ned eller også knytt til namngitte personar. Dei nyaste bøkene ser altså ut til å velje anten heilt kontekstlause eller heilt personifiserte sanningsbelegg. Eksemplifiserande belegg er meir vanleg i dei eldste bøkene. I dei nyaste bøkene finn eg også fleire eksempel på at ein viser eksempel av religiøs praksis utan å knytte dei til påstandar om praksisen. Slik blir det opp til lesaren å finne ut kva dette uttrykker.

Sanning i legebøkene

Ikkje overraskande er den korresponderande sanningstypen dominerande også i legebøkene. Naturvitskapen er tradisjonelt sterkt knytt til denne typen sanning. Og det er lett å tenke seg at det er hensiktsmessig å illustrere påstandar om anatomi og sjukdomar med ulike symptom gjennom illustrasjonar som viser at dette stemmer. Noko overraskande er det derfor at bruken av slike sanningstypar likevel er mindre omfattande i legebøkene enn i religionsbøkene. Det er ingen haldepunkt i materialet for å hevde at forskjellane innan gruppa av bøker kan relaterast til forskjellen mellom nye og gamle utgjevingar. Alle bøkene har eit visst innslag av andre sanningstypar enn den korresponderande, og her det heilt klart pragmatisk sanning som dominerer.

Innhaldet i påstandane som blir visualisert på denne måten varierer likevel ein del med tida bøkene kom ut. Begge dei to eldste bøkene har eit rikt biletmateriale. Her er mange svart/kvitt-fotografi og ulike former for teikningar. Den typiske illustrasjonsmåten er at ein nyttar ein abstrakt framstillingsmåte for visualisering av påstandar om generelle kroppslege forhold. Dette kan til dømes vere snitteikningar av indre organ som hjarte og lunger med nummerering som er relatert til biletteksten. Påstandane er enkle og handlar ofte om at denne delen av kroppen eller denne kroppsfunksjonen har eit namn. Underforstått i dette ligg

påstanden om at desse fenomenen finst i verkelegheita. I *Kvinnens egen legebok* (1952) finn eg ein illustrasjon av denne abstrakte typen som er interessant (fig.10). I kapittelet “*Svangerskap, fødsel og barselseng*” har ein sett inn ei stilisert teikning av kvinneas menstruasjonssyklus som det einaste fargebiletet i boka. Ein sterk raud farge er brukt på den blodige slimhinna inne i livmora og litt gulffarge markerer hormoner, elles er alt i grått og svart. Ein teknikk som på den tida var kostbar, blir altså brukt for å gjere abstraksjonen meir gjenkjennbar for lesaren. Dette representerer eit tidleg døme på noko som kan setjast i samanheng med den kontekstualiseringa eg finn i nyare bøker.




Fig. 10: Frå Bøe 1952, s. 64

Saman med stiliseringar og forenklingar finn eg mange fotografi av observerbare kroppsdelar og symptom i dei eldste bøkene. Bileta kan ofte sjå groteske ut på ein måte som vekker avsky og likevel fascinasjon. Eg kan sjølv hugse at eg som liten bladde i *Huslegen* (1962) og at eg alltid fann fram biletet av ein liten baby med ein stor oppblåst mage som hadde biletteksten “*Myxødem hos et barn*”. Det var fascinerande å sjå at nokon verkeleg kunne sjå slik ut. Desse bileta som viser fram verkelegheita på ein naturalistisk måte, konsentrerer seg oftast om eit utsnitt som er minst mogleg. I *Huslegen* (1962) finn vi til dømes eit bilete av andletet til ein mann der håret, øyrene og hakepartiet er utanfor biletutsnittet (fig. 11). Biletet har biletteksten “*Spedalskhet, knutet form*”. Her har ein altså valt å ikkje vise fram konteksten. Ein ønskjer å kome så tett på fenomenet som mogleg medan konteksten, og med den det individuelle, er mindre interessant. Ei slik manglande kontekstualisering gjev teksten svakare pathos enn om bileta hadde vist eit større utsnitt av ei verd lesaren kunne kjenne igjen.




Fig. 11: frå Evang 1962, s. 471

Begge dei eldste bøkene har også mange innslag av illustrasjonar som visualiserer ei pragmatisk sanningstype. I *Huslegen* dreier dette seg om fotografi og teikningar som viser ein ønska framgangsmåte ved førstehjelp og ved stell av sjuke. Ei enkel strekteikning av ein person som ligg i ei seng med eit laken med ei litt uvanleg form har til dømes denne biletteksten: “*Sengeleie. Enkelte pasienter tåler ikke trykket av sengeklærne på bena. En enkel trebøyle (a) kan rette på det*”. I ei eiga ramme blir ei teikning av trebøylene vist. Her er påstanden at dette fungerer i ei verkeleg verd, ikkje at personar og senger finst i verkelegheita. *Huslegen* har i lita grad valt å kontekstualisere slike pragmatiske påstandar, men dette finn eg meir av i *Kvinnens egen legebok*. I kapittelet “*Kvinnens høst*” finn eg til dømes eit fotografi av ei eldre dame med ei bok i handa som sit i ein øyrelappstol i ei stove der ein ser både halvvisne blomar og personlege fotografi. Biletteksten uttrykker ein påstand om kvinner som er meir generell enn det fotografiet viser: “*Den harmoniske kvinnen fyller sine ledige stunder med lesning og annet som holder henne åndelig våken*”. Liknande pragmatiske påstandar om sunn og fornuftig livsstil finn ein fleire stader i boka.

Bøkene som representerer 2000-talet er etter måten ulike. Dette handlar mest om at *Aschehougs store legebok (2003)* er svært rikt illustrert med fargeillustrasjonar som representerer mange ulike illustrasjonsteknikkar, medan *Kvinnens kropp og helse (2001)* har etter måten få svart/kvitt-teikningar. I denne boka finn vi reindyrking av abstrakt framstilling av “det finst”-typen som minner mykje om dei eg fann i dei eldste bøkene. Eg finn ingen forsøk på kontekstualisering eller personifisering, men nokre få illustrasjonar av meir naturalistisk type som viser pragmatiske påstandar som denne: “*Du finner hvilestillingen din når du er avslappet og rett i ryggen. Balanser bekkenet slik at det ikke tipper framover eller bakover,*

så finner du riktig loddrett posisjon. Stå med føttene litt fra hverandre”. Framstillinga som heilskap uttrykker slik svært høg ethos.

Aschehougs store legebok (2003) er den av dei fire bøkene som viser størst variasjon i både sanningstype og illustrasjonsmåte. Hovudvekta ligg også her på påstandar som korresponderer med fenomenen i den verkelege verda, men her finst og pragmatiske sanningar og nokre få døme på påstandar om samanhengar som kjem fram gjennom fortolking. Eit eksempel på dette er biletet av to mannlege turnarar som gjer halsbrekkande øvingar saman med biletteksten “*Knokler og ledd. Gjennom et langt liv utsettes vårt bevegelsesapparat for mange belastninger som etter hvert kan sette spor etter seg, bl. a. i form av slitasje*”. Dette er ikkje ein påstand som viser at noko finst, men som held fram ein plausibel årsakssamheng. Eksemplet viser også korleis denne boka nyttar kontekstualisering i sterkare grad enn dei andre bøkene. Dette gjeld i særleg grad for dei pragmatiske sanningane boka presenterer, men også det-finst-påstandar blir illustrert av bilete som viser eit større og meir kontekstualisert utsnitt. Når ein i denne boka skal visualisere mjølketenner og varige tenner, nøyer ein seg ikkje med eit nærbilete av tennene, men viser eit halvnært bilete av eit smilande barn og ei smilande mor med biletteksten: “*Tenner. De 20 melketennene skiftes i løpet av barndommen ut med 32 blivende tenner*” (fig. 12).




Fig. 12: Frå Langer 2003, s. 191

I eitt tilfelle nyttar boka også ein personifisert framstillingsmåte. Under hovudoverskrifta “*Andre psykiske lidelser*” fann eg eit nytt halvnært fotografi av to smilande menneske. Dette fotografiet har denne biletteksten: “*Kjærester. Edith er 42 år og har Downs syndrom, men Flemming på 49 lider av Føllings sykdom, som pga. manglende behandling førte til hjerne-*

skade. Humøret hos de to kjærestene er det ikke noe i veien med". Begge disse eksempla viser at ein ønskjer å vise korrespondanse med ei verkeleg verd gjennom ein framstillingsmåte som lesaren kan relatere seg til. Slik opnar uttrykker for ein sterkare pathos. Fotografiet av dei to kjærastane viser også at det kan vere problematisk å illustrere fenomen ved hjelp av gjenkjennbare menneske utan å gje dei sterkare menneskeverd gjennom å bruke deira rette namn. Dette tenkte ein nok ikkje på i same grad når ein presenterte biletet av barnet med myxødemagen i 1962.

Den teknologiske utviklinga har gjort det mogeleg å fotografere andre motiv i år 2000 enn det som var mogeleg på 60-talet. Dette har ført til at moderne bøker kan bruke naturalistiske framstillingsformer som illustrasjon av generelle påstandar om menneskekroppen. Slike motiv blei tidlegare gjerne illustrert gjennom abstrakte teikningar. *Aschehougs store legebok* (2003) nyttar svært mange fotografi frå kroppens indre. Dette kan vere fotografi av raude blodlekamar, galleblære med gallestein eller malariavirus som eit tidlegare eksempel (fig. 5) viste. Slike illustrasjonar har høg ethos. Dei gir på mange måtar eit visuelt prov på noko som det ikkje er mogeleg å sjå. Det er likevel mogeleg å stille spørsmålsteikn ved denne forma for verkelegheitspretensjon sidan dei tilsynelatande naturalistiske fotografia i verkelegheita ofte er stiliserte og fargemanipulerte (Johansen, 2013).

Ei samanlikning

I eit forsøk på å forklare likskapane og forskjellane eg har funne i opplysningslitteratur innan eit fagfelt og mellom dei to ulike fagfelte, vil eg halde fram ulike moment. Religionslitteraturen framstår som eit fagfelt som i liten grad opnar for opplysningstekstar der forfattern framstår som ein aktiv fortolkar. Det er ikkje meiningsskaping eller normativitet som er sanningsidealet, men korrespondanse med ein verkelegheit. Idealet om objektiv faktakunnskap etter mønster frå naturvitskapen ser også ut til å forsterke seg. Sidan det er lettare å framstille religion som noko objektivt og etterprøvbart om ein konsentrerer seg om religiøse bygg og artefaktar, bidreg dette til å tone ned framstillinga av religiøs praksis. Ei slik nedtoning av dei menneskelege aktørane kan også vere ønskjeleg for å unngå å kome i verdsetjingskonfliktar. Den lange tradisjonen vår del av verda har for å nedvurdere framand praksis og levemåte gjer truleg dette til eit sensitivt punkt. Den objektiverande framstillinga som nå dominerer kan sjåast som ein reaksjon på tidlegare tiders eksotisering og vestleg etnosentrisme. Resultatet kan da bli ei ganske tørr og blodfattig framstillingsform som i for liten grad utnyttar tekstens pathos. Bruken av namngjevne personar i eksempla og eksempel som er laust knytte til påstandar om den religiøse praksisen er truleg eit forsøk på å tilføre slik pathos på ein mindre risikofylt måte.

Paradoksalt nok kan det sjå ut som om legevitskapen er meir open for å formidle andre sanningstypar enn den korresponderande. Dette heng truleg saman med at ein har færre normkonflikter knytt til gjeldande normativ praksis og at det derfor er mindre problematisk å vise fram denne. Framstillinga av pragmatisk sanning er likevel ofte av den avgrensa typen og derfor utan særleg sterk pathos. Blant dei nyaste bøkene finst det eksempel på at avsendar nyttar sterkare pathos gjennom eksemplifisering av både korresponderande og pragmatisk sanning. Trass i sterk ethos vil eg hevde at ein del av illustrasjonane i både nye og gamle

legebøker kan appellere til lesarens kjensleapparat. På 60-talet kunne lesaren kjenne på uro og fascinasjon i møte med groteske sjukdomsillustrasjoner. I dei nye bøkene er desse illustrasjonane dempa ned. Samtidig har vi fått dokumentasjon frå kroppens indre liv. Truleg kan denne framstillingsmåten vere utgangspunkt for fascinasjon som kan nærme seg ei estetisk oppleving.

Felles for alle bøkene i materialet er at ein må leite godt for å finne illustrasjonar som støttar opp om påstandar om hermeneutisk sanning. Dette kan sjå ut som eit sjangertrekk og kan ha ulike årsaker. For det første kan det tenkast at tradisjonen for denne sanningstypen i slik litteratur er så sterk at lesarane ville bli skuffa og lite villig til å kjøpe og lese om framstillinga i sterkare grad presenterte hermeneutisk sanning. Ei slik forventning kan igjen føre til at delar av fagfeltet ikkje blir vurdert som interessant for sjangeren. Dette kunne til dømes handle om religionssosiologiske og sosialmedisinske perspektiv. Kanskje handlar det også om at dette er litteratur for ålmenta. Her kan det ligge ei redaksjonell vurdering av at korresponderande sanning er lettare tilgjengeleg for ei så heterogen gruppe bak dei vala som blir gjort. Aristoteles tok til orde for at det var naudsynt med både ethos og pathos i sakprosa-tekstar. Så langt ser det ut til at å bruke illustrasjonane til å styrke tekstens ethos i opplysningstekstane er ukontroversielt, medan praksisen rundt bruken av illustrasjonar som styrker tekstanes pathos er meir utprøvande. I sakprosa for barn har ein lenge sett at tekstskaparane nyttar visuelle verkemiddel for å engasjere lesaren kjenslemessig (Løvland og Tønnessen 1997, Løvland 2001). Kanskje ser vi teikn på at ei slik utvikling også vert meir vanleg i sakprosa for vaksne?

Litteratur

- Alvesson, M. & K. Sköldbberg (1994). *Tolkning och reflektion. vetenskapsfilosofi och kvalitativ metod*. Lund: Studentlitteratur.
- Fugelli, T. (2000). *Barnas helse. Gode helseråd fra landets fremste spesialister i barnesykdommer*. Oslo: Nasjonalforeningen for folkehelse.
- Johansen, A. (2013). "Awarding Images, Celebrating Science: The Aestheticization of Scientific Images in the Wellcome Image Awards". I K. Aukrust (red): *Assigning Cultural Values*, Frankfurt am Main: Academic Research, s. 29-49
- Kress, G., & T. van Leeuwen (1996). *Reading Images. The Grammar of Visual Design*. London: Routledge.
- Ledin, P. (2001). "Med det nyttiga skola vi söka att förena det angenäma ..." *Text, bild och språklig stil i vecopressens föregångare*. Henta frå <http://www.diva-portal.org/smash/get/diva2:664138/FULLTEXT01.pdf>.
- Løvland, A. og E. S. Tønnessen (1997). "“Jammen får'n det til å svinge!”". Om bruk av fiksjon i lærebøker". I E. B. Johnsen (red.): *Tekstens mellommenn. Norsk sakprosa, tredje bok*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Løvland, A. (2001). "Den breie vegen til fagkunnskap". I P. O. Kaldestad og K. B. Vold (red.): *Årboka. Litteratur for barn og unge*. Oslo: Samlaget/Norsk barnebokinstitut
- Løvland, A. (2011). *På jakt etter svar og forståing. Samansette fagtekstar i skulen*. Bergen: Fagbokforlaget.
- Nielsen, M. B. O. (2011). *Norvegr. Horges historie etter 1914*. Oslo: Aschehoug.
- Ryvarden, L. (2006). *Leif Ryvardens fjellflora*. Oslo: Damm.

- Tønnesson, J. L. (2012). *Hva er sakprosa*. Oslo: Universitetsforlaget.
- van Leeuwen, T. (2005). *Introducing Social Semiotics*. New York: Routledge.
- Veum, A. (2008). *Avisas andlet. Førstesida som tekst og diskurs. Dagbladet 1925-1995*. Avhandling for ph.d.-graden. Universitetet i Oslo

Primærlitteratur

- Smith, H. m.fl. 1957. *Verdens store religioner*. Oslo: Norsk kunstforlag (tilgjengelig på bokhylla.no).
- Aagaard, J. m.fl. (red.). 1966: *Verdens religioner*. København: Politikens forlag.
- Holten, J. 2000: *Verdens største religioner*. Oslo: Faktum Orfeus Forlagene.
- Gabriel, T. m.fl. 2007: *...ismer. Verdens religioner*. Oslo: Orion.
- Bøe, F. 1952: *Kvinnens egen legebok. Veien til helse. Forebygging og behandling av sykdom*. Oslo: Aschehoug & Co (tilgjengelig på bokhylla.no).
- Evang, K. m.fl. 1962: *Huslegen*. Oslo: Gyldendal norsk forlag (tilgjengelig på bokhylla.no).
- Lööf-Johanson, M. og Å. Rytter Evensen (norsk red.) 2001: *Din legebok. Kvinners kropp og helse*. Oslo: Damm og Søn
- Langer, J. W. 2003: *Aschehougs store legebok*. Oslo: Aschehoug.